

# Årsmelding for Austevoll Idrettsklubb 2019.

Hovudstyret i Austevoll Idrettsklubb er sett saman av valte representantar frå gruppene våre + leiar.

## **Hovudstyret 2019:**

Leiar - Vivian Bjånesø Horgen

Nestleiar - Torbjørn Karlsen

Veronika Møgster

Anita Aasebø

Olav Njåstad

Wenche Blix

Linn Benedicte Johansen Våge

Varamedlemmer: Morten Mortvedt og Birthe Wessel

**Valkomiteen:** Sigve Drønen, Kjetil Kolbeinsvik og Ina Tøkje. Vara: Katrine Ringdal

**Kontroll komiteen:** Svein Arne Kalvenes og Siv Haukanes

**Revisjon:** Advisor Revisjon AS- Ann-Mari M Juvik

## **Tilsette i hovudlaget:**

Dagleg leiar Anne Berith Drønen har vore i 100 % stilling og har vore med på hovudlagsmøta som sekretær. Ho har hovudansvar for drift av klubben og drift av Austevollhallen for Austevoll kommune. I tillegg drifta ho lågterskeltilbod og all idrett.

Trond Fredrik Ludvigsen har 40 % stilling som administrativ leiar i klubben og har hovudansvaret for det administrative i fotballgruppa. Han søkte om permisjon i 30 % av stillinga frå 1. mai 2019. Her gjekk Anders Tøsse inn i eit vikariat i 1 år.

Trond Fredrik Ludvigsen hadde 10 % stilling i hovudlaget frå 1. mai 2019. Annette Horne Tøkje gjekk i eit vikariat som administrativ leiar og har sitt hovudsete i symjegruppa. Frå 01.09.19 fekk ho fast tilsetting i denne stillinga.

Tilsette har møterett, men ikkje stemmerett.

**Medlemmar:**

Austevoll Idrettsklubb hadde i 2019 heile 797 medlemmar, noko som er ein auke på 63 medlemmar. Medlemstalet er avhengig av kva aktivitetar dei ulike gruppene har og i 2019 skuldast auka at barnetrimmen kom tilbake.

I tillegg har me ein del på idrettskule for ungdom og barnetrimmen som ikkje er registrert i AIK.

Mange av våre medlemmar er med på fleire aktivitetar, noko som er viktig for allsidigheita.

Kjønn	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26-	Total
Menn	46	194	117	25	86	468
Kjønn	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26-	Total
Kvinner	27	174	64	5	59	329
						<b>Totalt 797</b>

**Styret og klubben sitt arbeid:**

Hovudstyret har i 2019 hatt 6 møter og det vart handsama 63 saker.

Nokre møter har vore open for alle grupper og nokre berre for styret.

I Desember blei endeleg boka om AIK sine 50 første år klar. Denne har me venta på i 2 år og me er veldig glad for at historia vår er komen mellom to permar.

Klubben har desse aktive gruppene: fotball, klatring, volleyball, turn, badminton, symjing, skøyter, orientering og friidrett. Passive grupper: cheerleading og innebandy.

I 2019 fekk me endeleg oppatt barnetrimmen, som er utruleg populær. Kvar Tysdag myldra da med barn frå 0-5 år i hallen.

Idrettskule for 1.- 4. klasse går sin gang. I tillegg har me hatt open hall for ungdom 15 + saman med Austevoll vidaregåande skule. Her kan det vere opp mot 35 stk. på trening. Her kan ein bowla eller bruka hallen.

I helga har me hatt open hall for store og små. Dette tilbodet har er veldig populært med full hall.

**Hovudlaget har i 2019 hatt desse fellesprosjekta:**

Me har i år jobba med å få på plass beredskapsplan ved seksuell trakassering og etiske retningslinjer. I tillegg har ein byrja å jobba med å få på plass HMS planane i klubben vår.

- Val av ny utstyrsløseleverandør. Her gjekk alle gruppene i klubben inn på avtale med Nike og Torshov sport. Fotballgruppa kjem inn i 2020.

Open hall- opne anlegg har vore eit fellesprosjekt for heile klubben. Her har symjing, klatring, friidrett og badminton delteke.

### **Økonomi:**

Austevoll Idrettsklubb hadde i 2019:

Driftsinntekter på kr. 6 126 919,-

Driftskostnadar på kr. 5 003 728

Resultat før avskrivningar kr 1 123 190

Avskrivninger kr 412646

Driftsresultat: 710 544

Årsresultat kr. 292 691

Medlemskontingenten er på kr. 901 358,- og utgjør ca 15 % av all inntekt.

Austevoll IK har eit lån på Austevollbadet på kr. 10.224.000,-

AIK må vurdere kva nye, faste kostnadar dei skal ta på seg, men økonomien tilseier vidare drift.

### **Anlegg:**

Klubben jobbar framleis med anlegg i 2019, men då mest på planlegging og reklamasjon.

I vår hadde me ein stordugnad på anlegget, der me jobba ei heil veke. Store og små stilte på dugnad og me fekk mykje gjort. Flaggstengene blei mala, kioskane vaska, tribunane vaska, måla vart reparert, greiner og trær ble fjerna. Ei hektisk veke, men det var utruleg godt når me hadde fått alt ferdig.

Heile området har vore ein byggeplass grunna utbygging av Austevoll

Ungdomskule. Dette har vore utfordrande for brukarar av anlegget og hallen.

Spesielt ved store arrangement som fotballskule, Lionsball, stemner og cupar.

Me har prøvd å gjere det beste ut av situasjonen og har teke førehandsreglar.

Me ser betre no enn før at ein må sjå på infrastrukturen rundt skule og anlegg.

Då dei bygde ut ungdomskulen, tok dei litt av vegen på nedsida av skulen. Store bilar som skal til hallen, klara ikkje å passere der lenger.

Friidrettsbana sig etter all tungtrafikken som har køyrd der. I tillegg går vegen gjennom skuleområdet, noko som ikkje er gunstig. Ønske er å finna ein ny veg og fleire nye parkeringsplassar om ein skal auka aktiviteten på anlegget.

Friidrettsbana er fortsatt ikkje ordna etter at den blei rehabilitert. I år har me måtta vente på at kommunen skulle ta prøvar for å sjekke om bana fortsett sig. grunna all tungtrafikken til ungdomskulen, har den sege meir enn ønska.

Fotballen byrja i 2017 å jobbe med fotballhall over den øvste bana. Her har dei fått fart på planane og fått politikarane med seg på prosjektet. Dette er eit samarbeid mellom Selbjørn IL, Hundvåkøy IL og Austevoll IK og ei eiga hallgruppe er satt ned til å drifte prosjektet.

Ein jobbar med å få til eit felles aktivitetsområde på anlegget for skulane og på kveldstid. Ønska kva ein vil ha er mange ,og no jobbar ein med å sjå på gode løysningar i fellesskap.

Austevollhallen byrjar å bli nokre år no og tida for rehabilitering er stor. Lysa byrjar å bli dårleg, ventilasjonen verkar ikkje slik den skal, lysa på løpebana er knuste og golvet i hallen bør skiftast.

Lagerplass er ein anna ting me har på ønskelista vår. Per i dag er det altfor mykje rot i hallen grunna plassmangel til alle tinga. Me kan ikkje kjøpe nok stolar og bord til hallen, då me ikkje har noko plass å lagre dei.

### **Arrangement 2019:**

Austevollsprinten Slotthaug - Skøytegruppa

Austevolløpet, Austevollmeisterskapet, Serie stemne -friidrett

Austevollserien, Lerøy/Brannakademi, Julacup, Tine Fotballskule-fotball

Open hall/Open ferie- Open hall for ungdom

### **Veldedigheit:**

Klubben har i fleire år gitt vekk klede og utstyr som klubben ikkje har trong for lenger. I år har me gitt til Lionsklubben som leverer til Mariapole og Kenya. I år gav me også til Juleflyet for første gang, så det er mange som nå går med Austevoll Idrettsklubb på brystet.

Friidrettsgruppa gav store delar av overskotet etter Austevolløpet til TV aksjonen 2019 «Nå er det hennes tur»- Care. Dette var eit samarbeid med Austevoll kommune.

### **Støttespelarar:**

Mange bedrifter i Austevoll og utanfor, er med å støtta vårt arbeid i klubben.

Ein del støtter ei gruppe, medan andre støtter alle gruppene våre. Me er takknemleg for alle som bidrar som sponsorar på drakter og klede, dei som støttar med skiltreklame, dei som gjev gåver til klubben, støtte til lån og dei som sponsar produkt til våre arrangement.

Alle dei som tippar, kan velja å gi 5 % til ein organisasjon.

Austevoll Idrettsklubb hadde 362 spelarar som støtta klubben i år. Desse pengane går til å vidareutvikla anlegga våre og er tidlegare brukt til friidrettsanlegget, skifta til kunstgras på grasbana og oppgradera klubbhuset.

*Desse midlane skal komma alle i Austevoll til gode.*

*Hordaland Fylkeskommune har gitt bidrag til opne anlegg, «Bufdir» til open hall i helger og feriar og Austevoll kommune til open hall og andre arrangement. Sparebanken vest har gjeve til open hall for ungdom og til treningsleir for stjernelaget vårt.*

*Austevoll kommune er og ein god støttespelar for oss som klubb. Saman jobbar me mykje betre enn kvar for oss.*

*Stine Konradsen i kommunen har vore ein god ressurs for oss og ein som har hjelpe oss mykje.*

### **Gruppene i AIK**

*Turn-Her har me aerobic damene våre. Nokre spreke damer med lang livserfaring, som veit kor viktig det er å halda seg i form. Desse 12 damene påstår at dei ikkje hadde klart seg utan Helga Rabben sin torsdagstrim. Dei har sidan hallen opna i 2004 vore i spegelsalen for å trena kvar torsdag. I Desember måtte dei flytta treningslokale, då skulen har lånt spegelsalen i eit halvår. Dette er det 38. året Helga har trimmen.*

*Cheerleading har vore passiv i 2019*

*Allidrett/Idrettskule 1. - 4. klasse: her er det Hanne Haugland og Anne B. Drønen som har vore trenarar i 2019, men med utruleg god hjelp frå gruppene våre. I år har me vore innom badminton, klatring, volleyball, turn, friidrett, fotball, skøyter, innebandy, basketball, handball, bowling og mykje leik og moro.*

*Barnetrim 0-5 år er nyoppstarta i år etter mange års pause. Malin Vassnes Skår og Veronika Toft tok på seg å organisera dette. Kvar tysdag myldra det med store og små i hallen.*

*Open hall for ungdom- er eit nytt tilbod me prøver ilag med Austevoll Vidaregåande skule. Her gjer me tilbod til 15 år + i uorganisert idrett. Her kan ein velja sjølv kva ein vil gjera og det går mykje i volleyball. Me har vore over 35 stk. på ein tysdag. Dette tilbodet er viktig for hybelbebuarar og dei lokale ungdommane. Om ein ønskjer, er det moglegheit for å bowla og buldra. Andreas Risøy og Anne B. Drønen har hatt ansvar for denne aktiviteten.*

*Orientering- Dei har ingen større aktivitet utan primært å tilretteleggje for turorientering rundt Vinnesvatnet. Turorientering er ein mosjonsaktivitet som kombinerer orientering og naturoppleving for heile familien. Orienteringspostane til turorientering heng ute i marka frå mai/juni til ut oktober månad og aktiviteten skjer såleis ikkje på tid. Hovudpoenget er å vere innom flest postar i*

løpet av perioden dei heng ute i skogen. Kartet som blir nytta til å finne postane, kan ein hente ned gratis frå [www.turorientering.no](http://www.turorientering.no). Her kan ein og finne mange andre kart frå heile landet, men i Austevoll er det berre eitt opplegg rundt Vinnesvatnet. Kartet som blir nytta, er gjeve ut av Vinnes Velforening i 2014 og orienteringsgruppa nyttar dette kartet for å lage turorienteringa. Det er ikkje noko krav om å registrere postane, så me har ikkje informasjon om kor mange som har nytta seg av dette i 2019. Det var i alt 15 postar lagt ut i terrenget og innteikna på kartet. Geir Johannessen har vert leiar i denne gruppa.

**Volleyballgruppa** hadde damelaget tilbake i trening i 2019. Dei hadde ein kort pause, etter at fleire i gruppa fekk barn.

Volleyballgruppa har vore heldig, som har Marie Madsen Dåvøy i gruppa. Ho gjer ein strålende jobb for dette damelaget.

Damelaget trenar fast tysdagar i hallen og dei er ei gruppe på 14 -16 personar. Volleyballgruppa v/Torbjørn Karlsen har bidrege på all idrett med minivolleyball, i regi av Anne Berith og Hanne.

Gruppa har kjøpt inn utsyr til minivolleyball og levert utstyr til Kolbeinsvik Skule og tiltenkt Storebø Barneskule. Dette er nett og ballar til minivolleyball. Torbjørn Karlsen har vore leiar i år.

**Skøyter**- Starta med Austevollsprinten på Slotthaug i Januar, som er ein tradisjon gjennom mange år.

Gruppa fekk midlar til skøyteskule i år, som dei håpa å bruka i 2020. Olav Njåstad er leiar.

**Friidrett**- Har eit treningstilbod for born og unge på Austevoll Idrettsanlegg kvar onsdag. Vårhalvåret var det tilbod frå 3. klasse og oppover med Nina Møgster, Birte Wessel og Lars Johan Hufthammer som trenarar.

Etter sommaren vart tilbodet utvida og ein tilbyr no trening for alle i skulealder. Med i trenarteamet har ein fått med Margrethe Utkilen, Silje Strand Halstensen og Lilli Løvås Storebø.

I løpet av året som har gått har ei gruppe utøvarar delteke på ein del stemner utanfor kommunen. Her har dei hevda seg godt.

På vårparten har ein arrangert Austevollmesterskapet. Eit kjekt arrangement med mange debutantar. I haust har gruppa arrangert Rekrutteringstevne og Austevolløpet, som i år vart arrangert saman med TV aksjonen.

Friidrettsgruppa jobbar med å oppretthalda eit fast treningstilbod til born og unge i heile kommunen vår for å etablera eit miljø for deltaking på stemner og arrangement utanfor kommunen.

**Symjing-** Har all sin aktivitet samla i Austevollbadet, der dei har symjeundervisning måndag og onsdag. Symjegruppa har hatt 245 aktive symjarar på kurs i 2019. I tillegg har dei hatt 78 ungar på barnehagesvøm. Gruppa har hatt både livredningskurs og trenarkurs i Austevollbadet. Linn Benedicte Våge er leiar i symjegruppa og Annette H. Tøkje jobbar som administrativ leiar i gruppa. I tillegg er Alf Helge Møgster, Geir Johannessen og Cathrine Nøttveit med i styret. Lene Vik har i fleire år hatt Trygg i vann ansvaret, dette overtok Cathrine i haust.

I fjor arrangerte gruppa 2 symjestemner i Austevollbadet, der også fleire tilreisande frå andre klubbar deltok.

Gruppa har ein del aktive symjarar som deltek i konkurransar og som har gjort seg bemerkta med svært gode resultat. 5 symjarar kvalifiserte seg til LÅMØ på Karmøy i mars, Klara Nilsen, Thea Johansen Våge, Iselin Nord, Silvia Patricia Hufthammer og Mia Sørvik.

**Klatring-** kjekt år for klatring, med aktivitet for barn og unge. Mange unge klatrarar stiller kvar veke i veggen i Austevollhallen.

Gruppa har 2 treningsdagar i Austevollhallen, der dei klatra i veggen og buldrerommet. Buldring er klatring utan sikring, noko som er populært. Me er så heldig at Veronika Møgster er leiar der i år og, og ho har med seg nokre fantastiske trenarar i Pia Økland, Anita Yttervoll og Camilla Libnau.

**Badminton** er framleis ei populær gruppe med eit meget attraktivt tilbod. Berre i haust har det starta over 20 nye utøvarar. Dette er veldig gledeleg. Per i dag har gruppa over 50 medlemmar fordelt på alderen 10-60 år. Dei trenar 4 dagar i veka, reiser på landsturneringar og har til og med kome heim med bronsemedalje i bagasjen.

Anita Aasebø er framleis primus motor for gruppa. Hennar største ønske er det same som dei siste 4 åra - fornying av golvet i idrettshallen og oppmerking av fleire baner. Kapasiteten er sprengt per i dag.

**Fotball-** Kvar dag, kvar veke, uansett vêr, så observerer me mykje aktivitet på det flotte anlegg vårt. Me er stolte over å kunne bidra til ein god treningskultur og fotballglede.

Fotballgruppa starta i haust opp med Telenor Xtra, ei fotballfritidsordning for 3.-7. klasse

Me har også arrangert «Stjerneseriedag», ein fantastisk dag med engasjement, vennskap og samhald.

Austevollserien er alltid eit flott arrangement og den årlege fotballskulen er

alltid populært.

A-laget har hatt ein kjempesesong og er klar for 4. div. etter å ha vunnet alle sine kampar i 5.div. Sesongen blei krona som KM etter å ha beseira Askøy. Trenarar her er Trond Fredrik Ludvigsen og Kjetil Steinsland. Tore Hufthammer har vore lagleiar.

Rekrutt/B-laget rykka opp til 6.div., og eit ungt og svolten lag gjorde seg vel fortent til ein sterk 2. plass, som resulterte i opprykk. Trenar her har vore Heine Tøkje.

Juniorlaget rykka etter vårsesongen opp i 2.divisjon og enda i haust på ein flott 3. plass. Trenar her var Runar Veivåg.

I ungdomsfotballen har me hatt 9 lag i serien, også her blei det ein del opprykk. Framtida ser veldig bra ut. I tillegg spela G-04 KM, og så har me og Hordalands beste J-04.

I barnefotballen har me hatt 5 lag påmeldt i serie, i tillegg til 8 lag som har spela diverse cupar.


Vi er takksam for alle som nyttar fritida si på å gje våre aktive eit trygt og godt fotballmiljø og som følger dei opp på både trening og kamp.

Leiar i fotballgruppa har vore Arne Møgster.


Austevoll IK har mange medlemmar og målet er at alle skal trivst i klubben. Om ein berre vil trena eller om ein vil satsa, skal det vera plass til alle.

Administrasjonen takkar alle frivillige og medlemmar for eit spennande idrettsår og håpar alle vil fortsetje i 2020

Storebø 04.02.2020



Anne B Drønen  
Dagleg leiar



Vivian Bjånesø Horgen  
Leiar